


# **Profitt eller moral? Ein diskusjon om næringslivsinteresser og menneskerettar**

Elin Skaar

**WP 1998: 2**



**Working Paper**  
Chr. Michelsen Institute  
Development Studies and Human Rights  
Bergen Norway

---

**ISSN 0804-3639**

# **Profitt eller moral? Ein diskusjon om næringslivsinteresser og menneskerettar**

Elin Skaar

**WP 1998: 2**

**Bergen, januar 1998**

Working Paper WP 1998: 2

**Profit eller moral? Ein diskusjon om  
næringslivsinteresser og menneskerettar**

Elin Skaar

Bergen, januar 1998

**Sammendrag:**

Koplinga mellom menneskerettar og næringslivsinteresser har for alvor vorten satt på dagsorden dei siste par åra. I stadig sterkare grad vert det stilt krav til bedriftane om at dei ikkje kan forhalda seg passivt til brot på menneskerettane i land dei investerer i. Men korleis veg ein profitt og moral opp mot einannan? Med utgangspunkt i ein analytisk modell for samsvaret mellom aktørar og sanksjonar gjev dette arbeidsnotatet eit oversyn over ulike reaksjonsmønster i samband med grove brot på menneskerettane. Kva er mest effektivt? Dialog og samhandel eller økonomiske sanksjonar? Norske styresmakter sine reaksjonar på grove brot på menneskerettane vert drøfta, og forfattaren tek til slutt opp nokre av dei verdivala internasjonalt engasjerte norske bedrifter står ovanfor. Dette notatet vart skreve som eit paper til konferansen "Handel og menneskerettar", halde på Chr. Michelsens Institutt hausten 1996.

**Stikkord:**

Menneskerettigheter  
Næringsliv  
Handel  
Økonomiske sanksjoner  
Norge

## 1. Innleiing

Nigeria. Kina. Burma. Indonesia. 1996 vil kanskje bli hugsa som året då koplinga mellom menneskerettar og næringslivsinteresser for alvor vart sett på dagsorden. Norske bedrifter har inntil nyleg i stor grad forhalde seg til direktiv frå Utanriksdepartementet (UD) i spørsmål om grove menneskerettsbrot i samarbeidsland. Dette er gjort ved deltaking i boikottaksjonar i FN-regi eller ved å fylgja stille oppmodingar om å liggja lågt i terrenget medan ein kinkig situasjon vert avklara. Norske bedrifter kan ikkje lenger sitja på gjerdet og passivt venta på stopp- eller klarsignal frå UD. Det vert stilt krav om meir aktivt engasjement i menneskerettsspørsmål, både eksternt gjennom eit aukande press frå media, uavhengige organisasjonar, konsumentar og mannen i gata og internt gjennom ei gryande forståing av at ansvarsfråskrivninga si tid er forbi. At Næringslivets hovudorganisasjon (NHO) nyleg har nedsett eit etisk utval for å utarbeida retningslinjer for heilskapleg tenking innanfor norsk næringslivsengasjement i utlandet lyt ein ta som eit teikn på at handel og investeringar ikkje lenger kan målast berre i kroner og øre.

I motsetnad til i UD, der ein lenge har hatt ein nedfelt målsetnad om fremjing av respekt for demokrati og menneskerettar som ei av retningslinjene for bistands- og utanrikspolitikk, er denne type tenking i startfasen innanfor næringslivet. Som diskusjonen i løpet av dei siste månadane har vist, er det slett ikkje uproblematisk å vurdera om det er profitt eller moral som skal vega tyngst i situasjonar der det foregår grove menneskerettsbrot i land der Noreg har økonomiske interesser. Kina kan vera eit godt døme på problemet med å fremja norske næringslivsinteresser utan å gå på akkord med offisiell norsk politikk. Som ein del av Asiaplanen<sup>1</sup>, oppmodar norsk UD til auka samhandel med og investeringar i dei raskt veksande økonomiane i Asia. Dette vil skapa auka omsetjing for norske bedrifter, auka antall kroner i statskassa, og kanskje bidra til oppretting av nye norske arbeidsplassar. Som det kom klårt til uttrykk under statsbesøket av president Jiang Zemin i juni 1996, tilseier deler av folkeopinionen at norsk næringsliv av moralske grunnar burde unnlata å investera i Kina og i tillegg trekka ut dei investeringane som allereie er gjort der, i protest mot menneskerettssituasjonen. Likevel har folk flest ikkje tenkt gjennom, og heller ikkje forutsetnad for å forstå, kva konsekvensar dette ville få i form av tapte investeringar og tapte arbeidsplassar. Det er heller ikkje klarlagt kven som eventuelt skulle dekka dei økonomiske tapa. Om ei eventuell uttrekking av norske interesser faktisk vil tvinga kinesiske styresmakter til auka respekt for menneskerettane, seiast det óg lite om. Norsk næringsliv på si side hevdar at reduserte investeringar vil skada Noreg meir enn Kina. Her kjem storleiken på aktørane og styrken til dei respektive økonomiane inn som viktige faktorar. Dessutan argumenterer ein for at ved å vera faktisk til stades vil ein ha større påverknadskraft

<sup>1</sup> Asiaplanen vart sett i verk i 1995 og omfattar eit breidt anlagt samarbeid ovanfor asiatiske land. Dei tre hovudsøylyene i Asiaplanen er (i) politisk dialog; (ii) utvikling av handel og økonomisk samarbeid og (iii) kultur og informasjon (St.meld. nr. 19, 1995-96: 25).

gjennom uformelle kanalar. T.d. kan overføring av demokratiske verdiar på arbeidsplassen og i nærmiljøet vera med å påverka synet på menneskerett i positiv retning. Mellom folkekraav om uttrekking av norske næringslivinteresser frå Kina og norske bedrifter sitt ynskje om å utnytta det store økonomiske potensialet som ligg i eit utvida handelssamarbeid med dette landet, står norske styresmakter. Dei har på den eine sida forplikta seg til å setja demokrati og menneskerettar i hovudsetet i utforminga av norsk utanriks- og handelspolitikk, og har på den andre sida økonomiske, politiske og diplomatiske interesser å ta omsyn til.

Det er ingen tvil om at det er mange aktørar med til dels motstridande interesser i ein situasjon som denne. Med utgangspunkt i foregåande døme, kan ein trekka ut følgjande overordna spørsmål: *Når* og *på kva måte* bør Noreg engasjera seg i situasjonar med grove menneskerettsbrot? *Kva konsekvensar* får det, og *for kven*? Kven si oppgåve er det å ta ansvar i tilfelle av grove menneskerettsbrot, og kva verkemiddel er mest effektive i protest mot menneskerettsbrot? Målet med denne artikkelen er ikkje å koma med enkle løysingar eller fasitsvar, men snarare å få fram noko av kompleksiteten i problemstillinga for å føra debatten om norske næringslivsinteresser kontra respekt for menneskerettane eit steg vidare.

For at debatten skal gje mening, må det fyrst avklarast kva som ligg i omgrepa menneskerettar og menneskerettsbrot. Dette vil bli gjort i *del 2*. Med utgangspunkt i ein analytisk modell for samsvaret mellom aktørar og sanksjonar vil det i *del 3* av denne artikkelen bli gitt eit oversyn over ulike reaksjonsmønster i samband med grove menneskerettsbrot. Spørsmålet er kva som er mest effektivt; dialog og samhandel eller økonomiske sanksjonar? I *del 4* tek eg steget frå teori til praksis ved å drøfta norske styresmakter sine reaksjonar på menneskerettsbrot. Når reagerer den norske regjeringa? Kva type brot vert det reagert på? I kva grad er omsynet til respekt for menneskerettane med på å bestemma kva land Noreg inngår næringssamarbeid eller handel med? Har norske styresmakter ein heilskapleg politikk på dette området? I *del 5* vert det skift fokus frå norsk utanrikspolitikk til næringslivet sitt engasjement i land som på ulike måtar bryt menneskerettane. Eg vil her ta opp det krysspresset internasjonalt engasjerte bedrifter i aukande grad vert utsette for og samstundes sjå på nokre av dei verdivala næringslivet står ovanfor. Kan norske styresmakter diktera korleis næringslivet skal eller bør forhalda seg i einkvar situasjon, eller skal bedrifter stå fritt til å bestemma kva etiske retningslinjer dei vil leggja til grunn for samhandel med andre land? Kva rolle spelar uavhengige organisasjonar når det gjeld norsk opinion, såvel i forhold til styresmakter som til næringsliv? Ettersom arbeidstakarrettar er eit sett av menneskerettar som vedgår næringslivet spesielt, vil det bli gjeve ein bakgrunn for den pågående diskusjonen om sosiale klausular i *del 6*. Til slutt vil eg freista nøsta opp nokre av dei lause trådane på dette nye og vanskelege feltet.

## 2. Kva er menneskerettar?

"Menneskerettane er universelle og udelelege." Dette er Noreg si offisielle haldning, såvel som haldninga til dei fleste andre land som har skrive under FNs verdserklæring om menneskerettane frå 1948. I det daglege og praktiske liv skil ein likevel mellom fleire typar menneskerettar og innrettar dei i eit normhierarki. Få vil protestera mot at retten til liv er viktigare enn retten til lovfesta ferie med løn. Når ein talar om "grove menneskerettsbrot", tenkjer dei fleste på politiske mord, tortur, ulovleg fengsling osv., ikkje på brot på helsestandardar eller brot på retten til lovfesta ferie.

Menneskerettane definerte i FNs verdserklæring om menneskerettane (1948), FNs konvensjon om politiske og sivile rettar og FNs konvensjon om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar (begge frå 1966), har lange historiske aner. Ein talar ofte om tre "generasjonar" av menneskerettar<sup>2</sup>: Fyrste generasjon, basert på Magna Charta (1215), den Amerikanske Sjølvstendeerklæringa (1776) og deklarasjonen frå den franske revolusjonen (1789), omfattar dei klassiske sivile og politiske rettane (*fridom frå* og *fridom til*). Desse inkluderer meiningsfridom, ytringsfridom, presse- og religionsfridom, rett til organisering og fridom frå vilkårleg fengsling. Desse menneskerettane vert ofte referert til som dei fundamentale menneskerettane. Andre generasjon rettar har utspring i det 19. århundret sin klassekamp og er samanfatta i den Internasjonale arbeidsorganisasjonen (ILO) sine konvensjonar frå 1919 og utover, samt i FNs konvensjon om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar frå 1966. Konvensjonane omfattar økonomiske, sosiale og kulturelle rettar så som retten til arbeid, helse, mat, utdanning og deltaking i kulturlivet. Typisk for overhaldinga av andre generasjon menneskerettar er at dei krev aktiv medverknad av staten. Tredje generasjon omfattar kollektive rettar og rettar til kollektive gode, der solidaritet er eit underliggende prinsipp. Tredje generasjon rettar inkluderer retten til sjølvstyre; alle folks rett til internasjonal fred og tryggleik; minoritetsgruppars rett til å ivareta deira eigen kultur, religion og språk; folks rett til humanitær bistand; og menneske/folks rett til informasjon og kommunikasjon. Ein del av desse rettane er omtala i Erklæringa om rett til utvikling som vart vedteken i 1986.<sup>3</sup> Erklæringa har ikkje status som konvensjon.

Fordi det vil gjera diskusjonen umogleg dersom ein skulle inkludera alle former for menneskerettsbrot når ein vurderer i kva tilfelle norske styresmakter og næringslivet har reagert og skal eller bør reagera på menneskerettspraksis i handelssamarbeidsland, kan det i fyrste omgang vera teneleg å avgrensa diskusjonen til ein prinsipiell debatt om kva ein gjer i tilfelle av systematiske, grove og vedvarande menneskerettsbrot.<sup>4</sup> Jack Donnelly's definisjon på grove menneskerettsbrot kan vera retningsgjevande for denne debatten. Definisjonen omfattar tre fundamentale rettar frå fyrste generasjon, nemleg Artikkel 3, 5 og 9 frå FNs verdserklæring om menneskerettane frå 1948:

<sup>2</sup> Den fylgjande inndelinga av menneskerettane i generasjonar er teken frå Alex P. Schmids bok *Research on Gross Human Rights Violations*, 1989.

<sup>3</sup> Sjå Thiis 1996 for ein gjennomgang av norsk bistandspolitikk i forhold til denne erklæringa.

<sup>4</sup> Som nemnt innleiingsvis, vil eg seinare gå over i den meir spesifikke debatten om arbeidstakarrettar.

- Artikkel 3: "Alle har rett til liv, fridom, og personleg tryggleik".
- Artikkel 5: "Ingen skal bli utsett for tortur eller annan form for grusom, umenneskeleg eller nedverdigande handsaming eller straff".
- Artikkel 9: "Ingen skal bli utsett for vilkårleg fengsling, varetekts eller eksil" (frå Schmid 1989: 6).

### **3. Mål og verkemiddel: konfrontasjon og sanksjonar eller dialog og samhandel?**

Dagleg skjer det grove og systematiske brot på menneskerettane i mange land. Reaksjonar på grove menneskerettsbrot utgjer ein glidande skala frå oppretthalding av eksisterande dialog og samhandel til ekstreme tiltak i form av ulike typar sanksjonar, t.d. økonomisk boikott. Målet med ein reaksjon, uansett type, må vera å endra styresmaktene sin praksis i forhold til menneskerettsbrot. Det er usemje både i teori og praksis om kva som er dei mest effektive metodane for å oppnå dette.

La oss nytta sanksjonar som eit samleomgrep på ulike reaksjonsformer. Det fins to hovudformer for sanksjonar: positive og negative; gulerota og kjeppen. *Positive sanksjonar* er insentiv som vert nytta for å lønna god framferd. Dette kan ta form av t.d. auka bistand, lovnad om auka tilgang på kredit, eller auka utanlandsinvesteringar. Positive sanksjonar vert vanlegvis tekne i bruk der det politiske klimaet gjer samhandling og positiv dialog mogeleg. Der dette ikkje nyttar, dvs. i tilfelle der landet som bryt menneskerettane nektar å endra praksis, ofte med argument som at dei ikkje finn seg i innblanding i indre tilhøve, kan ein ta i bruk negative sanksjonar. *Negative handelssanksjonar* vert rekna for den mest ytterleggåande reaksjonsforma. Dei kan delast i to undergrupper: (1) boikott, dvs. når eit land vert nekta tilgang på marknader og ikkje får selt varene sine og (2) embargo, dvs. når eit land vert nekta tilgang på bestemte typer varer eller produkt. Negative økonomiske sanksjonar kan og ta form av trussel om suspendering av bistand eller kredit, eller uttrekking av næringslivsverksemder. Ikkje-økonomiske negative sanksjonar omfattar tiltak som t.d. kulturolikott og sportsboikott, som i utelatinga av sør-africanske idrettsutøvarar frå OL.

Chien-Pin Li (1993) har utarbeida eit analytisk rammeverk for forståinga av ulike typar sanksjonar ved å sjå på (i) forholdet og samspelet mellom dei ulike aktørane på den eine sida og (ii) kva aktørane samhandlar om på den andre sida.<sup>5</sup> I korte trekk vil eit land prøva å leggja press på eit anna land for å endra dette landet si oppførsel på eit bestemt område. Effekten av presset vil vera avhengig av fleire forhold. For det fyreste kjem det an på kva type saker det dreiar seg om. For det andre kjem det an på kva forholdet mellom dei to landa er. For det tredje kjem det an på kva strategi eller metode eit land vel for å leggja press på eit anna land for å oppnå eit bestemt mål.

---

<sup>5</sup> Modellen til Li byggjer i stor grad på kooperativ spillteori. Sjå t.d. Martin 1993 og 1994.

*Typer saker* to land er usamde om kan inndelast i fleire til dels overlappande kategoriar, alt etter kor målbare og kvantifiserbare dei er i økonomisk forstand. Li skil mellom substansielle, symbolske og overgripande problem. *Substansielle* problem er både lett målbare og kvantifiserbare og vil vanlegvis vera av økonomisk karakter, så som handel, bistand og investeringar. Når land er usamde om *symbolske* problem, vil desse vera identifiserbare, men ikkje naudsynleg målbare i kroner og øre. Dei er ofte knytta opp mot eit lands nasjonale identitet eller prestisje. Eit døme kan vera strid over eit landområde, t.d ei lita øy, som rettnok kan la seg måla i geografisk storleik og økonomiske ressursar, men der det viktigaste er den nasjonale verdien knytt til historie og kultur, som ikkje let seg måla direkte. *Overgripande* problem er dei som ikkje lett let seg verken kvantifisera eller måla i økonomiske termar, slik som t.d. vern av demokrati og menneskerettar, inkludert arbeidstakarrettar.<sup>6</sup>

No over til *forholdet mellom aktørane*. Li argumenterer for at forholdet mellom to land kan vurderast ut frå to dimensjonar: (i) kor ideologisk like landa er og (ii) i kor stor grad det eine landet dominerer det andre, antan politisk, økonomisk eller kulturelt. Graden av dominans vil m.a. kunna målast i omfanget av investeringar i og økonomisk samhandel mellom to land. Det bør her skiljast mellom fleire tilhøve, t.d. kor stort og viktig landet som sanksjonerer er i forhold til andre land som samhandlar og/eller legg press på landet som vert sanksjonert, og vidare kvaliteten og karakteren på utanlandsinvesteringane.<sup>7</sup> Forhandlingsstyrken til eit land ovanfor eit anna vil vera gitt mellom anna av desse to dimensjonane.

Ut av det eksisterande strukturelle og politisk-ideologiske forholdet mellom to statar kan ein skilja ut to hovudmodellar for samhandling; den eine basert på forhandling og den andre basert på konsensus. Begge desse modellane er forankra i kooperativ spillteori, men trusselpunkta for dei to modellane er ulike. I mange konkrete situasjonar vil ein finna element av begge modellar, men det kan likevel vera nyttig å sjå på dei kvar for seg. *Forhandlingsmodellen* byggjer på tradisjonell maktanalyse og går i hovudsak ut på at eit land utøver konkret press på eit anna ved å trua/lokka med sanksjonar. Ein freister altså å oppnå endringar ved hjelp av eksternt press. Utpressing kan ta form av trugsmål om suspendering av bistand, handelsboikott og andre former for økonomiske sanksjonar. Oppmuntring kan ta form av lovnad om auka bistand, auka handelssamarbeid eller investeringar osv. I forhandlingsmodellen vert det sett fram konkrete krav, ofte med ein relativt kort tidsfrist. Styrkeforholdet mellom dei to landa vil vera avgjerande. Eit land vil berre gje etter for krav i dei tilfella dette vil oppfattast som mest lønsamt. Det er altså snakk om ein kostnadskalkyle, der det er viktigare *kva det vert forhandla om* enn kven som stiller kravet om endring.

<sup>6</sup> Denne klassifiseringa er ikkje uproblematisk. Ein kan argumentera for at overgripande problem, som demokrati og menneskerettar, også let seg operasjonalisera og kvantifisera. T.d. kan ein måla demokrati i form av antal frie val, eller graden av grove menneskerettsbrot i antal tilfelle drap, tortur og forsvinningsar. Likevel kan ein hevda at verdibaserte konsept ikkje let seg kvantifisera i kroner og øre.

<sup>7</sup> For ei detaljert oversikt, sjå Li (1993: 351-356).

*Konsensusmodellen*, derimot, har som utgangspunkt at to land har tilnærma likt verdigunnlag, eller at det landet som vert utsett for sanksjonar ynskjer å vera lik det landet som sanksjonerer. Det er dette verdifellesskapet som dannar grunnlaget for at eit land oppfører seg i tråd med det andre landet sine ynskje. Ein vonar altså at eksternt press vil resultera i eit indre press som over tid vil medføra endringar. Her er saka ein forhandlar om mindre viktig enn *kven som stiller kravet*. Der eit felles verdigrunnlag ikkje allereie eksisterer, vil landet som sanksjonerer freista overføra sine politiske, økonomiske og kulturelle verdiar gjennom t.d. handel og utanlandsinvesteringar. Verdioverføring kan skje gjennom samkvem på mange ulike plan, så som økonomisk eller militær bistand, militær opplæring, kulturelle utvekslingsprogram, informasjon og propaganda. Andre metodar innanfor det ein gjerne kallar "stille diplomati" kan ta form av samtalar og diskusjonar på stats- og embetsmannsplan, der ein t.d. drøftar konkrete aspekt ved menneskerettssituasjonen til eit gjeve land. "Svartelisting" eller stempling av eit land som ikkje fylgjer spelereglane er ein annan velkjend metode. Denne går ut på å gje land "dårleg samvit" ved å gje dei negativ internasjonal omtale. Svartelisting vert aktivt nytta i rapporteringsprosedyrane til EU og ILO, samt andre FN organisasjonar. Om landet gjev etter for press eller ikkje, vil i stor grad avhenga av kor mykje det bryr seg om å ha eit godt rykte internasjonalt. Ettersom verdiendringar tek tid, er konsensusmodellen ein strategi som krev langsigkt tenking.

Strategien eller metoden ein vel for å oppnå eit gitt resultat vil altså vera avhengig av både dei sakene det vert forhandla om og dei strukturelle og politisk-ideologiske forholda landa imellom. Samla vil desse forholda også påverka kor *treffsikre* eller *effektive* dei ulike metodane er for å oppnå den ynskja endringa. Dersom ein ser på negative sanksjonar, kan fylgjande forhold også vera utslagsgjevande for om sanksjonar er eit effektivt og treffsikkert verkemiddel eller ikkje:

- *Storleiken på økonomien* til dei statane som boikottar jamfört med den staten som blir offer for sanksjonar. Om Japan truar med å trekka ut milliardinvesteringar frå, la oss sei Sri Lanka, vil dette få større økonomisk konsekvensar for Sri Lanka enn om Noreg skulle trua med å halvera bistanden, som berre er på nokre få millionar. Land med sterke økonomi, som t.d. USA og Japan, vil vanskelegare la seg dirigera av ytre press enn land som i stor grad er avhengig av internasjonal bistand.
- *Type sanksjon*. Det kan vera boikott av kun enkeltprodukt, som oljeboikotten av Irak, eller omfattande økonomiske, kulturelle og diplomatiske sanksjonar, som i høve Sør Afrika.
- *Type produkt eller sektor*. Trussel om internasjonal oljeembargo ovanfor eit land som er heilt avhengig av oljeimport, eller embargo som omfattar høgteknologiske produkt, vil vega tyngre enn konsumentboikott av druer eller appelsinar.
- *Omfanget av boikotten*. Enkeltståande land, dvs. unilateral boikott (som i tilfelle USA mot Cuba) eller internasjonal, dvs. multilateral, boikott (som i tilfelle FN mot Irak frå 1990).

Før me går vidare og ser på empiriske døme, må det merkast at det ikkje er lett å måla effekten av sanksjonar. Korleis måler ein effekten av eksternt press? Korleis måler ein endring i politikk på eit gitt område? Og vidare: Korleis påviser ein at det er nettopp dette presset, eller sanksjonen, og ikkje andre faktorar som er utslagsgjenvande for den ynskja endringa? Svara vil vera avhengig av korleis ein definerer og operasjonaliserer eksternt press og endring. Det er ein føresetnad at ein har god tilgang på informasjon. Empiriske undersøkingar viser at det ikkje er noko eintydig svar på kva strategiar som er mest effektive for å oppnå endringar i eit lands politikk gjennom eksternt press. I ein analyse av 118 økonomiske sanksjonar<sup>8</sup> sett i verk av sjølvstendige statar eller statar innanfor ein internasjonal organisasjon mellom 1947 og 1983 prøvde ein å sjå i kva grad sanksjonar var eit vellukka verkemiddel for å oppnå endring i politisk praksis på eit gitt område. I analysen nytta ein to kriterium for å måla graden av kor vellukka sanksjonen var: (1) i kva grad "den uttalte utanrikspolitiske målsetnaden vart oppnådd" og (2) i kva grad "sanksjonen var med på å oppnå denne målsetnaden" (Li 1993: 357). Ein kom fram til fylgjande: Mest vellukka var sanksjonar knytt til substansielle saker. Av dei 5 tilfella som var undersøkt var alle vellukka. Dette talgrunnlag er likevel for tunt til å trekka generelle konklusjonar. Nestmest vellukka var sanksjonar knytt til symbolske tilfelle: 43,2% av dei 88 tilfella som inngjekk i analysen var vellukka. Sist på lista rangerte sanksjonar knytt til overordna problem. Kun 32% av dei 25 tilfella som vart undersøkte var vellukka (Li 1993: 360-361). Det er interessant å notera seg at uansett type saker det vart forhandla om, var sanksjonane mest vellukka i dei tilfella der landet som vart sanksjonert hadde ynskje om å identifisera seg med det landet som sanksjonerte. 83,3% var vellukka, mot 38,1% vellukka sanksjonar i tilfella der landet gav etter for press innafor forhandlingsmodellen. Men då tilfella av identifisering, dvs. der landa hadde tilnærma likt verdigrunnlag, kun utgjorde ein liten del av totalen, kan ein heller ikkje her trekka vidtfemnande konklusjonar.

Dette resultatet syner at det fins ingen innlysande løysingar på kva sanksjonar eller strategiar som er mest effektive. I vårt tilfelle er me interesserte i å sjå på kva som skjer når ein koplar demokrati og menneskerettar (som tilhøyrer kategorien overgripande saker) til næringslivsinteresser (såkalla substansielle saker). Når norske bedrifter unnlater å investera i eit gitt land, korleis måler ein tap i kroner mot forbetinga av menneskerettssituasjonen i landet? Ein opererer jo her med to storleikar som ikkje umiddelbart let seg samanlikna; kroner og øre på den eine sida og menneskeliv og menneskerettar på den andre sida. Kva modell har den norske regjeringa og norske bedrifter valt å nytta i ulike situasjonar der det forekjem grove menneskerettsbrot? Me skal fyrst sjå på UD sin politikk.

<sup>8</sup> Økonomiske sanksjonar er i denne analysen definerte som handelsembargo, suspendering eller redusering av bistand, avvikling av sal og frysing av tilgang på lån og kredit (Li 1993: 356).

#### **4. Om haldning og handling: etikk, retorikk og politikk**

Moralsk sett har norske styresmakter gjort seg til talsmenn for å fremja respekt for demokrati og menneskerettar. Den fylgjande diskusjonen vil i stor grad dreia seg om reaksjonsmønsteret norske styresmakter har utvist ovanfor samarbeidsland, eller land ein planleggjer samarbeid med, som systematisk har gjort seg skuldige i grove brot på menneskerettane. Fyrst eit kort historisk tilbakeblikk. Menneskerettar vart kopla til norsk bistandspolitikk i midten av 1970-åra, men det var først ti år seinare at ein tok til å operasjonalisera desse måla. Dette trass i at FNs menneskerettserklæring snart rundar 50 år og at Noreg har vore langt framme i rekka når det gjeld ratifisering av dei ulike FN-konvensjonane. Som kjent var det tryggingspolitiske omsyn som først og framst låg bak nedfellinga av menneskerettane som universelle og udelelege. Hovudargumentet var at der demokrati får grobotn og fotfeste ville respekten for menneskerettane auka og faren for krig og konfliktar avta. Verdsutviklinga dei siste par tiåra med ei stadig auke i internasjonalt samarbeid, då særlig på det økonomiske feltet, har ført til ei nærmere integrering av områda som fell inn under norsk utanrikspolitikk. Det heiter seg no at utanrikspolitikk, tryggingspolitikk, handelspolitikk og økonomisk politikk ikkje lenger skal sjåast som avskilde område (UD Informasjon 1995: 14). Denne heilskapstenkinga har kome til uttrykk m.a. gjennom samanslåinga av norske ambassadar og NORAD kontor i mange u-land, der ein i større grad freister å knyta bistand nærmere opp til handel og kulturutveksling. I innstillinga frå utanrikskomiteen om hovudtrekk i norsk politikk ovafor utviklingslanda heiter det at næringslivsordningar må samsvara med generelle mål og prinsipp for bistandspolitikken slik at dei vert betre tilpassa ynskjet om å bidra til utvikling av næringslivet i dei fattigaste landa (Innst. S. nr. 229, 1995-96: 52).<sup>9</sup>

Fordi den moralske målsetnaden om respekt for menneskerettane og fremjing av demokrati skal integrerast med allereie eksisterande realpolitiske og økonomiske målsetnadar på mange ulike område, seier det seg sjølv at det kan oppstå konflikt. Ettersom det er diskusjonen om bruk av økonomisk boikott som har bragt temaet om næringslivsinteresser kontra menneskerettar på dagsordenen, skal me først sjå på norske styresmakter sin bruk av negative sanksjonar i form av boikott. Fins det noko system i norsk reaksjonsmønster på grove menneskerettsbrot? Eit historisk tilbakeblikk på dei tilfella der Noreg har engasjert seg i form av boikott gjev ei heller kort liste: Sør-Afrika og Irak. I begge tilfella slutta Noreg seg til internasjonale sanksjonar iverksett av FN. I tilfellet Sør-Afrika som ein reaksjon mot rasepolitikken, som medførte brot på dei fleste menneskerettane for storparten av folket i landet. I det andre tilfellet som ein reaksjon på irakiske styresmakter sin okkupasjon av Kuwait i 1990. Begge boikottane hadde stor oppslutnad her i landet. Men dersom ein stiller spørsmål om kvifor det internasjonale

<sup>9</sup> Det bør poengterast at norsk offisiell politikk til ei kvar tid er det som er vedteke av Stortinget. Det forhindrar ikkje at det kan vera større eller mindre grupper innanfor Stortinget som er usamde med enkelte deler av politikken. T.d. la KrF fram ei motmelding til St. meld. nr. 16 som utgreier hovudtrekka i norsk politikk ovanfor utviklingslanda. KrF reiste her kritikk mot fleire hovudpunkt i meldinga, m.a. mot svekkinga av fattigdomsorienteringa og målsetnaden om at meir av bistandsoverføringane skal brukast på ein måte som tener norsk næringsliv og gjev meir attende i form av arbeidsplassar og intning til Noreg. KrF meiner at dette i hovudsak vil bidra til at meir av ressursane går til kommersielt interessante område, spesielt i Asia (KrFs motmelding 1995-96: 5-7).

samfunnet og Noreg reagerte med boikott *når* dei gjorde, er svaret meir utydeleg. Apartheid hadde jo eksistert i Sør-Afrika lenge før det internasjonale samfunnet byrja å reagera systematisk på overgrep mot dei svarte i landet. Norske oljeskip la til kai på den sørafrikanske kysten så seint som 1987. Kurdarane som individ og som folkegruppe hadde før FN boikotten vart sett i verk mot Irak i 1990 vore utsett for forfylgjingar og grov diskriminering frå ei rekke land - Syria, Tyrkia, Irak, Iran - i fleire hundreår.

Me kan sjå på nokre fleire døme og spørja oss *når* menneskerettsbrot vert så grove at dei påkallar norsk og internasjonale reaksjonar: Kvifor flokkar norske turistar seg stadig i tusental til Tyrkias solfylte kyst - trass i at 19-20.000 menneske, hovudsakleg kurdarar, har late livet i kampen mellom tyrkiske styresmakter og kurdarar sidan 1984, medan nordmenn vart sterkt åtvara av norske styresmakter mot å reisa til Sør Afrika medan boikotten der stod på? Kvifor reagerer ein med større avsky på fengslinga og drapet på Ken Saro-Wiwa og sju andre frå minoritetsgruppa Ogoni i Nigeria enn på 25.000 "forsvinningar" i Guatemala? Kvifor vart det gjort forsøk i Stortinget på å tvangspåleggja Statoil å trekka seg ut av Nigeria etter denne hendinga, samstundes som norske næringslivsinteresser i Indonesia ser ut til å vera mindre problematiske? Kvifor trua Noreg med handelsboikott av Burma, og prøvde saman med Danmark å mobilisera ein felles EU-boikott samt leggja press på FN til på ny å ta opp saka om menneskerettsbrot i Burma etter dødsfallet av den norsk-danske generalkonsulen James Nichols i burmesisk fengsel i juni 1996, samstundes som feite kontraktar vart skrivne mellom norske og kinesiske selskap?

Dette er berre nokre få utvalde døme. Men dei kan lett gje inntrykk av at det er tilfeldigheter som rår i norsk politikk ovanfor land som på ulike måtar står for menneskerettsbrot. Etikken er i høgste grad på plass i offentlege dokument som stortingsmeldingar og UD rapportar, men når det gjeld politisk praksis sit ein att med inntrykket av at etikk i mange tilfelle vert redusert til retorikk. Er situasjonar der grove menneskerettsbrot forekjem rett og slett så ulike i karakter og så komplekse at det er umogeleg å formulera ein eintydig strategi ovanfor land som bryt menneskerettane? Viss så er tilfelle, vil det kunna nyttast som eit vikarierande argument for norske styresmakter til å la omsynet til menneskerettspraksis i eit land vera basert på kva slags veg norske næringslivsinteresser får vektskåla til å tippa? Og kva seier næringslivet til dette?

## 5. Næringslivet, krysspress og verdival

Næringslivet har ikkje noko offisielt moralpolitisk standpunkt på dette området. Tradisjonelt har det vore UD sitt bord å definera norsk utanrikspolitikk. Men fordi UD sin politikk på koplinga mellom menneskerettar og næringslivsengasjement i beste fall ser ut til å vera uklår om ikkje beint ut tilfeldig, har det vorte stadig vanskelegare for næringslivsrepresentantar å køyra fram argument som "Vi forheld oss til UDs politikk og internasjonale sanksjonar" når dei vert spurta om korleis dei stiller seg til kontroversielle situasjonar der det foregår grove menneskerettsbrot. Slike lettkjøpte svar tilfredsstiller

ikkje lenger uavhengige organisasjonar, media, og folkeopinionen - som til ein viss grad både formar og vert forma av det som media slår fast er dagsaktuelt stoff. Bakgrunnen for det aukande krysspresset næringslivet er utsett for - det å vera moralisk korrekt, oppføra seg i tråd med det som til ei kvar tid er offisiell politikk, og samstundes ivareta grunnlaget for sin eigen eksistens; nemleg profitt - er relatert til endringar i internasjonale forhold og med det til eit skifte i norske handelsinteresser. Det er fire hovudgrunnar til dette. Dels har det å gjera med auka samhandel og investeringar i land som ligg utanfor Vest-Europa, då særleg Asia (sjølv om 80% av norsk eksport framleis går til likesinna vestlege i-land); dels med eit tettare internasjonalt handelssamarbeid der Noreg i større grad enn tidlegare må forhalda seg til internasjonale regelverk på ulike område; dels med den offisielle norske målsetnaden om å oppretthalda eit nært samarbeid med FN (St.meld. nr. 19 1995-96: 17), og dels med at ein større del av norsk bistand vert knytt opp til norske næringslivsinteresser (St.meld. nr. 19 1995-96: 18). Fordi grove menneskerettsbrot foregår i u-land og i regionar der Noreg har uttrykt ynskje om eit breiare bistandsengasjement og aukande direkte investeringar (Asia), vil utvida samhandling med desse landa føra til at ein oftare støyter på problematikken knytt til koplinga mellom handel/investeringar og respekt for menneskerettane.

På mange måtar kan ein seia at næringslivet og regjeringa hittil har køyrt det same løpet. Av dei fire tilfella som vart nemnde innleiingsvis - Nigeria, Kina, Burma og Indonesia - er Burma det einaste tilfellet der norske styresmakter kviskra enkelte bedrifter i øyra at det ikkje var lurt eller tilrådeleg å gå inn i nettopp dette landet før regjeringa hadde kome med klarsignal. Norske bedrifter rettar seg i stor grad etter slike råd. Eksempelvis uttala Hydro at det var uaktuelt å engasjera seg i Burma etter at dei ikkje fekk tilslag etter forhandlingsrundar med burmesiske selskap om eit kunstgjødselprosjekt i milliardklassen (Dagens Næringsliv 04.07.09). Ein har kalla det burmesiske tilfellet "spesielt" fordi saka om eventuell boikott vart teken opp etter dødsfallet til den norsk-danske generalkonsulen og fordi Noreg har eit spesielt moralisk ansvar ovanfor nettopp Burma p.g.a. utdelinga av Nobels fredspris til opposisjonsleiar Aung San Suu Kyi. Ei meir kynisk tolking ville kanskje vore at prislappen på å utebli frå Burma rett og slett ikkje var så høg i forhold til det ei uttrekking av næringslivsinteresser frå Kina ville vore. Eit interessant spørsmål er kva Hydro ville gjort dersom dei hadde fått tilslaget i Burma? Og kva ville UD ha gjort dersom Hydro hadde takka ja og gått mot offisiell norsk politikk?

Desse hypotetiske spørsmåla fører oss over på eit anna vesentleg poeng: Det finst per i dag ikkje noko lovverk som legitimerer pålegg fra UD til private bedrifter om å trekka seg ut av eller ikkje gå inn i land der det vert utført systematiske og grove menneskerettsbrot. UD kan koma med tilrådingar, men har ikkje noko apparat for iverksetjing av interne sanksjonar mot bedrifter som ikkje oppfører seg "pent". Det må juridiske lovendringar til for å formalisera forholdet mellom næringslivet og UD, og så langt har ikkje UD utvist større politisk vilje til å prøva å få dette gjennom. Det har heller ikkje vore naudsint i den grad norske utanrikspolisiske og næringslivet sine interesser har vore samanfallande. Men ein kan tenkja seg tilfelle der norske styresmakter si

offisielle haldning stir mot næringslivet sine interesser. Kva pressmiddel eller sanksjonstiltak kan politikarar ta i bruk då? Bør norske styresmakter, som i USA, utforma ein mykje meir konsekvent politikk på området handel og næringsliv?<sup>10</sup> Ynskjer me at norske styresmakter, etter den amerikanske modellen, skal kunna nekta bankar å gje tilgang på kredittordninga og lån til bedrifter som vil etablera seg i land som har rykte på seg for grove brot på menneskerettane?

I staden for å ta opp debatten om ein eventuell auka kontroll over næringslivet, har UD oppmoda norske bedrifter, både statlege og private, om å tenkja sjølve, gjera sine eigne vurderingar - kort sagt, ta sitt etiske ansvar meir alvorleg (Godal 1996). Det nyleg nedsette etikkutvalet i Næringslivets hovudorganisasjon (NHO) er eit teikn på at næringslivssida har teke denne oppmodinga seriøst.<sup>11</sup> Etikkutvalet har som oppgåve å gjera menneskerettsdebatten meir synleg når bedriftspolitikken skal utmeislast. Utvalet er samansett av bedriftsleiarar og driv med kompetansebygging og ulike former for opplysningsverksemd. Det har ikkje mandat til å påleggja bedrifter retningslinjer for korleis dei skal eller bør forhalda seg i konkrete saker. Ein har innanfor NHO diskutert idéen om å innföra ein såkalla åtferdkodeks ("code of conduct"), dvs. utmeisla konkrete etiske retningslinjer for bedrifter. Tanken vart avvist med grunnlag i at problemstillingar relaterte til etikk er alt for komplekse og alt for situasjonsavhengige. Ein meiner difor det er betre om vedtak i etiske spørsmål vert teke på bedriftsnivå.<sup>12</sup>

Sjølv om opplysningsarbeidet om menneskerettsspørsmål framleis er i startfasen her i landet, vert det teke på alvor av mange norske bedrifter. Ingeniørar og økonomar blir oppmoda om å tenkja i nye og "mjukare" baner. Dei fleste større norske bedrifter med eit utanlandsengasjement har sine eigne etiske retningslinjer å gå etter, sjølv om ingen har ein interndisiplin på linje med den amerikanske klesgiganten Levi Strauss. Levis har bunde seg til å fylgja eit sjølvståande prinsipp om at "Me skal ikkje innföra eller fornya kontraktar i land der det er grove brot på fundamentale menneskerettar" (Solo 1995: 55). Dette prinsippet har vorte sett ut i livet i og med at Levi Strauss har bestemt seg for å trekka seg gradvis ut av Kina med å visa til systematiske brot på menneskerettane.<sup>13</sup> Bør

<sup>10</sup> USA er kjend for å gå grundig til verks når dei har interesser å ivareta - ofte med moralske overtonar. Den siste utviklinga i forhold til Cuba, der USA gjennom Helms Burton avtalen har vedteke tiltak som vil straffa selskap som nyt fordelen av tidlegare amerikanske eigedomar i Cuba, har vekt stor harme innanfor EU og andre kretsar. Det er ikkje fyrste gongen USA involverer tredjepartar i sanksjonar for å oppnå spesifikke politiske mål. Etter Helms Burton avtalen kan USA også straffa alle utanlandske selskap som investerer i Iran og Libya, begge definert som terrorregime av USA (Dagens Næringsliv 26.07.96, s. 11).

<sup>11</sup> NHOs etikkutval vart oppretta i 1995 i etterkant av eit to års prosjekt (1992-1994) i samarbeid mellom NHO og Braathen Safe. Prosjektet hadde som oppgåve å driva opplysning om etiske spørsmål ovanfor norske bedrifter. I samband med prosjektet vart det utgitt 8 hefte i ein serie om Næringslivet og etikk som tek opp ulike tema relaterte til etiske spørsmål, m.a. eitt med tittelen *Marked og moral*.

<sup>12</sup> Eit underutval i etikkutvalet vil hausten 1996 arrangera ein konferanse om dette emnet.

<sup>13</sup> Ein skal ikkje sjå vekk frå at det også kan ha lege eigeninteresser bak avgjerda til Levis om å trekka seg ut av Kina. Dårleg avsetnad, piratkopiar av produkt, lett tilgang på andre og viktigare marknader osv. kan vera argument vel så viktige, om enn med ein mindre moralsk aura, enn det offisielle "protest

idéen om åtferdkodeks diskuterast seriøst også av norske bedrifter? Bør norske bedrifter slutta seg til den veksande skaren av store internasjonale firma, særleg innanfor olje- og gruveindustrien, som er i ferd med å endra sjølvbiletet sitt frå å vera utbytande og undertrykkande til å opparbeida seg rykte som moralens vaktarar?

Moral er på mote, på mange måtar. Den norske debatten om næringslivsengasjement og menneskerettar foregår sjølvsagt ikkje i eit vakum. Internasjonalt talar ein om "kapitalisme med eit hjarte", "humankapitalisme", og næringslivet si rolle i å skapa og støtta opp om det sivile samfunn og skapa bærekraftig utvikling. Mange bedrifter har slutta seg til idéen om at ved å støtta demokratiutvikling og respekt for menneskerettane kan ein på sikt skapa eit politisk og økonomisk klima som verkar favoriserande på handel og investeringar. Andre held fast på at det er politikarane si oppgåve å hanskast med menneskerettsbrot. På den eine sida argumenterer ein for at utanlandsengasjement i land med undertrykkande styresett er med på å legitimera regimet. På den andre sida argumenterer ein for at dersom ein trekker seg ut vil andre og gjerne mindre moralske bedrifter ta over, og vidare at utanlandsengasjement på sikt vil betra snarare enn forverra situasjonen til folk flest i landet (The Economist 20.07.96, s.16). Multinasjonale selskap, blant dei også norske bedrifter, vert stadig utsett for kritikk når dei ikkje oppfører seg "moralsk". Bedrifter som har underteikna internasjonale avtalar som The International Chamber of Commerce's Business Charter for Sustainable Development kan, med rette, stillast til veggs av journalistar og organisasjonsaktivistar når dei ikkje oppfyller dei etiske standardane dei har gått ut og sagt at dei støttar. Dei har mykje å frykta: konsumentboikott, därleg arbeidsmoral blant tilsette, därleg internasjonalt rykte, og, kanskje verst; sanksjonar (The Economist 20.07.96, s.57). Velkjende internasjonale firma som Shell og Unocal har provosert fram skarp internasjonal kritikk for engasjement i Nigeria og Burma. I motsetnad har Carlsberg og Heineken fått positiv omtale fordi dei har trekt seg ut av Burma. Poenget skulle vera klart: Det er ikkje kun umiddelbare økonomiske interesser som spelar inn, men også kva omverda meinar om ein. Bedrifter som nekta å la seg dirigera av opinionen kan risikera å tapa støtte såvel som avsetnad på produkta sine på den lokale marknaden. Negativ omtale kan i mange tilfelle svi like hardt som trussel om ein konsumentboikott. Det er difor ein stadig balansegang mellom å gjera det som er moralsk korrekt til ei kvar tid, og samstundes ikkje plassera seg i ein situasjon der ein kan mista konkurranseskraft.

Journalistar og ulike organisasjonsaktivistar kan ta mykje av æra - eller skulda? - for at menneskerettsdebatten har vorte aktualisert. Media har i det siste køyrt fram saker som har fått uavhengige organisasjoner og mannen i gata til å krevja umiddelbar tilbaketreking av næringslivsinteresser i land som gjer seg skuldige i grove menneskerettsbrot. Dette kan øva tungt press på bedrifter som, trass alt, må vega opp kostnaden av eventuelle tap ved ikkje-investering i eit land (bedrifter frå andre land som handlar vil automatisk opparbeida seg fordeler innanfor markedet osv.) eller ikkje-uttrekking frå eit land mot kostnaden av å hausta hard kritikk på heimebane. I den grad uavhengige organisasjoner er med om å skapa mediabelst om ei konkret sak, utgjer

---

mot grove menneskerettsbrot".

kanskje desse ei av dei viktigaste pressgruppene ovanfor næringslivet. Fordi uavhengige organisasjonar i regelen ikkje har diplomatiske interesser å ivareta, kan dei driva lobbyverksemد på eit vidt område - ovanfor styresmakter, byråkratar, næringslivet, media, andre organisasjonar osb. - og vil difor kunna ha stor gjennomslagskraft. Pressgrupper opererer mykje meir aktivt no enn tidlegare, både nasjonalt og internasjonalt. Nye kommunikasjonformer, så som internet, har opna nye vegar for tettare og meir effektivt samarbeid. Ein kan tenkja seg ein framtidig situasjon der ein internasjonal menneskerettsorganisasjon vil få like stor tyngde som Greenpeace har oppnådd innanfor miljøvernkampen.

Organisasjonsaktiviteten og mediamerksemda har bidrege til å skapa eit internasjonalt klima som oppmodar til moralsk tenking innanfor næringslivet. Også norske bedrifter må i aukande grad ikkje berre ta stilling til enkeltilfelle av grove menneskerettsbrot, men også engasjera seg i ein breiare menneskerettsdebatt. Gitt eit stadig tettare internasjonalt økonomisk samarbeid og forsök på å integrera såkalla u-land i verdsøkonomien, er det ei spesiell gruppe menneskerettar eit stykke nede på normhierarkiet sin stige som i den seinare tid er kome i fokus: arbeidstakarrettar. Fordi desse rettane direkte vedgår næringslivet, vil resten av denne artikkelen drøfta ulike sider ved og grunnar for å inkludera desse i ein debatt om næringsverksemد og menneskerettar.

## 6. Arbeidstakarrettar, internasjonal handel og sosiale klausular

Det vart nemnt innleiingsvis at det internasjonale samfunnet hittil har reagert på brot på dei fundamentale menneskerettane, så som drap, tortur, og forsvinningar. I den seinare tid har debatten om internasjonalt ansvar for menneskerettane vorte utvida frå å i hovudsak omfatta sivile og politiske rettar til å inkludera arbeidstakarrettar. Arbeidstakarrettar er normar og reglar som omfattar arbeidsforhold og industrielle forhold. Dei omfattar minimumsløner, arbeidstid, helse, tryggleik, forholdet mellom partane i arbeidslivet, ikkje-diskriminering, barnearbeid osv. Desse såkalla andre generasjonsrettar er spesifiserte i dei ulike ILO konvensjonane frå 1919 og utover (i alt 174 konvensjonar) og FN-konvensjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar frå 1966. Spesielt bør nemnast FN-konvensjonen om barns rettar frå 1989.

Fordi verda stadig vert knytt tettare saman gjennom aukande internasjonalt politisk og spesielt økonomisk samarbeid, har diskusjonen om å knyta minstestandardar for menneskerettar og faglege rettar til internasjonale handelsregime fått ny vind i segla. Denne idéen er ikkje ny,<sup>14</sup> men det er fyrst dei siste par åra at ein for alvor er byrja å diskutera innføringa av ein såkalla sosialklausul i WTO (verdas handelsorganisasjon). I korte trekk går diskusjonen på om ein ved å innføra krav om minimums arbeidsstandardar i internasjonale handelsavtalar kan vera med å garantera betra

<sup>14</sup> Sjå Wiig 1996 for ei historisk drøfting av ei skiftande ideologisk grunngjeving for å knyta arbeidsstandardar til internasjonal handel.

arbeidsforhold for arbeidarar verda over. I dag er reglar om arbeidsstandardar dels nedfelt i nasjonal lovgevnad som er bindande for kvart enkelt land, og dels i det internasjonale lovverket gjennom dei ulike ILO og FN konvensjonane. Konvensjonane er kun bindande for land som har underteikna og ratifisert dei. Ein har ingen høve for sanksjonering. T.d. fins eit internasjonalt instrument som gjev retningslinjer for internasjonale firma, regjeringar, arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonar innanfor felta arbeid, opplæring, arbeids- og leveforhold, og industrielt samarbeid (ILOs Tripartite Declaration of Principles Concerning Multinational Enterprises and Social Policy, ILO 1977). Denne deklarasjonen oppmodar medlemslanda om å respektera FNs universelle menneskerettserklæring, men er ikkje bindande. Ved å innföra ein sosialklausul i WTO, vil ein ha høve til å leggja press på land som ikkje oppfører seg i tråd med gjeldande internasjonale reglar for handel. Straff kan ta form av utestenging frå marknader, høgare tariffar og andre tiltak. Innföring av ein sosialklausul er problematisk ut frå fleire forhold. For det fyrste er det ikkje internasjonal semje om kva ein slik klausul skulle omfatta. For det andre er det usemje om arbeidstakarrettar er best ivaretatt gjennom ein slik klausul. For det tredje er ein usamd om korleis og kven som skal ha oppfylgjingsansvaret dersom ein sosialklausul vert innfört. Heile denne problematikken er førebels kun på diskusjonsplanet.

Dersom idéen om ein sosialklausul skal kunna innførast i internasjonale samarbeidsavtalar, då fyrst og fremst i WTO, lyt ein for det fyrste samlast om eit felles referanseverk. Dvs. ein lyt semjast om kva arbeidstakarrettar som skal inngå i klausulen; såkalla kjernestandardar. På same måte som ein i FNs verdserklæring talar om fundamentale menneskerettar, finns det og enkelte arbeidstakarrettar som vert rekna for grunnleggjande, dvs. at dei samla utgjer eit minimumskrav for at andre rettar skal kunna respekterast eller oppfyllast. Dei fylgjande ILO konvensjonane vert rekna som universelle:

- Konvensjonane om organisasjonsfridom og forhandlingsrett (87 og 98)
- Konvensjonane om tvangs- og slavearbeit (29 og 105)
- Konvensjonen om diskriminering (111)
- Konvensjonen om minstealder (138)
- Konvensjonen om lik løn for likt arbeid (100) (OECD 1996: 10).<sup>15</sup>

Det eksisterer likevel ikkje noko konsensus om i kva grad desse konvensjonane inneheld tilfredsstillande definisjonar av kjernestandardar. På verdskonferansen om sosialt samarbeid i København i mars 1995 vedtok ein ILO sitt framlegg om å rekna dei fylgjande rettane for kjernerettar: Retten til fagorganisering og forhandling, fridom frå tvangs- og slavearbeit og avskaffing av barnearbeid (OECD 1996: 6). Det har vorte gjort fleire ulike framlegg om og å inkludera andre arbeidstakarrettar blant kjernestandardane. Særleg har det vore ein diskusjon om alle former for barnearbeid bør forbyast (ILO si

<sup>15</sup> Dei fem rettane vert detaljert handsama i den nyleg framlagde OECD rapporten *Trade, Employment and Labour Standards*, 1996.

haldning) eller om det kun er utbyttande former for barnearbeid som bør avskaffast (OECD sitt framlegg). Dersom ein ser på praktiseringa av dei ulike arbeidstakarrettane, veit ein at desse vert oppfylte i svært ulik grad i ulike land. Ofte er det ein diskrepans mellom nasjonal og internasjonal lovgjevnad, sjølv om dei fleste regjeringar prøver å få til ei samordning.

I hovudtrekk er arbeidsgjevarorganisasjonar og dei fleste u-land generelt i mot denne form for tiltak. Argumenta er at det vil leggja føringar på investeringar, øydeleggja fri konkurranse (som innanfor nyliberalistisk tankegang er ein forutsetnad for å få fattige land med i konkurransen på verdsmarknaden), og særskilt skada dei fattige landa som har billeg arbeidskraft som eit komparativt fortrinn, deriblant ved bruk av barnearbeidrarar. Motstandarane av ein sosialklausul kritiserer tiltaket for å vera proteksjonistisk motivert. På den andre sida argumenterer dei fleste i-land, mange arbeidstakarorganisasjonar og den internasjonale fagrørsla med at ved å innføra ein sosialklausul i WTO vil ein ha ein internasjonal mekanisme for å fylgja opp at menneskerettane tilknytta produksjon og handel vert respekterte. Ved å betra arbeidsforholda til arbeidstakarane vil ein auka produktiviteten, dermed også avsetnaden, noko som i sin tur vil føra til økonomisk forbetring og redusert fattigdom. Ein argumenterer for at multilaterale tiltak vil vera meir effektive enn unilaterale handelstiltak. The International Confederation of Free Trade Unions (ICTFU) arbeidar aktivt for å inkludera ein sosialklausul i WTO basert på universelle ILO konvensjonar (Wiig 1996: 7). World Confederation of Labour (WCL) og European Trade Union (ETUC) støttar dette framlegget. Den internasjonale fagrørsla meiner altså at innføringa av ein sosialklausul vil gje ytterlegare legitimitet til kampen for å betra arbeidsforhold for arbeidstakarar i heile verda (Wiig 1996: 7).

Gitt at ein skulle oppnå semje om at innføringa av ein sosialklausul er den mest effektive måten å auka respekten for arbeidsstandardar på, er det neste spørsmålet korleis ein skal syta for at standardane vert respekterte. Kven skal ha oppfylgjingsansvaret? Og kva middel skal ein ta i bruk mot land som ikkje respekterer standardane? Det er ikkje konsensus om kva form for system for overvakning ein skal ta i bruk med ei eventuell innføring av ein sosialklausul. For det fyrste er ein usikker på samanhengen mellom "trade performance" og graden av overhalding av arbeidsstandardar. For det andre vert det stilt spørsmål om i kva grad overvakingsmekanismane vil kunna dekka alle deler av handelen mellom alle land. For det tredje vert det stilt spørsmål om eventuelle sanksjonar eller straffetiltak vil vera motiverte av graden på grovheit i menneskerettsbrota, eller om eigeninteresser også vil spela inn. For det fjerde vert det hevda at handelsboikott eller sanksjonar vil kunna føra til politisk friksjon mellom dei landa som er innblanda (OECD 1996: 72). Det ein er samd om er at ein lyt byggja opp eit sikkerheitsnett for dei som taper på innføringa. Vidare må klausulen handhevast likt av alle partar. Til slutt må u-landa ha administrativ kapasitet til å handheva reglane (Wiig 1996: 23).

Ein kan konkludera med at etablering av arbeidsstandardar i WTO vil vera ein tidkrevjande prosess, der ein lyt foreta ei prioritering av sentrale innsatsområde og syta for at ei eventuell innføring vert gjort på ein slik måte at det kan slå positivt ut også for fattige land. Korleis stiller så ulike aktørar i Noreg seg til denne problematikken? LO stiller seg positiv til innføringa av ein sosialklausul. I eit skriv om Internasjonalisering av norsk næringsliv og faglege rettar heiter det at LO "legger særlig vekt på at det innarbeides krav om respekt for de grunnleggende rettighetene i internasjonale handelsavtaler, som f.eks. WTO-avtalen" (ILO 1996: 2). Norske styresmakter har også uttrykt at dei vil halda fram arbeidet med å få handel og arbeidsstandardar med på WTOs dagsorden (St.meld. no. 19, 1995: 27-28). Det er venta at norske styresmakter arbeider aktivt for dette når den framtidige strukturen av WTO skal diskuterast på ministermøtet i Singapore i desember 1996. I tilknyting til kampen mot barnearbeid har Arbeidsgruppa mot barnearbeid i Samarbeidskomitéen mellom LO og Arbeidarpartiet gått inn for å støtta innføringa av ein sosialklausul. NHO på si side ser det og som viktig å kjempa mot barnearbeid og auka respekten for faglege rettar generelt, men stiller seg skeptisk til at desse spørsmåla skal drøftast i WTO-samanhang. I NHO sitt innspel til styresmaktene i samband med WTO sitt ministermøte i Singapore heiter det at "et åpent og liberalt multilateralt handelssystem er den beste måten å bedre levekårene i utviklingslandene og at handelssanksjoner neppe er et konstruktivt og hjelpende bidrag i så måte" (NHO 1996: 4). Hovudargumentet for dette synet er at rike land vil kunna nyta ein sosialklausul i proteksjonistisk øyemed ovanfor fattige land. NHO meiner at problemet med brot på faglege rettar - og då særleg grove former som utnyttande barnearbeid, slave- og tvangsarbeid - vil best kunna løysast gjennom ILO systemet og bilaterale handelsavtalar. NHO har ingen konkrete framlegg til korleis dette skal kunna gjerast i praksis.

## **7. Profitt og moral - ikkje anten eller**

Hovudspørsmålet ein sit att med er kanskje dette: Korleis finn ein balansegangen mellom det moralsk ynskjelege og det politisk moglege? Ein kan slå fast at koplinga mellom næringslivsinteresser og menneskerettar er langt frå uproblematisk. For det fyrste er det mange ulike politiske, økonomiske og moralske interesser som skal ivaretakast. Verken politikarar eller næringslivet ser seg som regel råd til å la aksjon styrast utelukkande av moralsk indignasjon. For det andre er det høgst diskutabelt kva som er rette vegen å gå for å leggja effektivt press på ei regjering som er skuldig i grove, systematiske og vedvarande brot på menneskerettane. Iverksetting av ein boikott vil kanskje tilfredsstilla krav frå opinionen, men vil det vera det mest treffsikre verkemidlet? Boikott kan, forutan å skada norske økonomiske interesser, få negative indirekte verknader på grupper som ein ikkje vil ramma. Empiriske døme viser at økonomiske sanksjonar eller boikott som oftast har liten eller ingen verknad dersom dei ikkje har brei internasjonal støtte. Slik sett nyttar det lite for vesle Noreg - det vera seg styresmakter eller enkelbedrifter - å marsjera prompte ut av eit land eller bryta hastig av alle handelsforbindelsar, viss det då ikkje er for å gje uttrykk for moralsk indignasjon og rettvis harme for på den måten å betra sitt eige samvit og kanskje også konstituera eit godt foregangsdøme for andre land.

Det treng ikkje naudsynleg vera motstridande at ein både tenar pengar og påverkar styresmakter i positiv retning gjennom samhandling og diplomati. Det er brei semje om at tilgangen på utanlandsinvesteringar og tilstadeveringa av utanlandske selskap i dei fleste tilfelle vil føra til vekst i den lokale økonomien, noko som i sin tur vil kunna ha ein positiv effekt på praksis av menneskerettar generelt og arbeidsstandardar spesielt. Føresetnaden er sjølv sagt at desse bedriftene er seg sitt etiske og moralske ansvar medviten. Difor trengs ein grunnleggjande debatt både innanfor Stortinget og regjeringa såvel som innanfor næringslivet om kva slags *målsetnader* som bør gjelda for norsk næringslivsengasjement i utlandet. Kva meiner ein faktisk med "respekt for menneskerettane" og "etisk ansvar"? Når desse målsetnadane er klårt definerte, bør ein ha ein systematisk gjennomgang av kva *verkemiddel* ein vil nytta for best å oppnå desse målsetnadane. UD vil framleis sitja med ansvaret i utforminga av norsk utenrikspolitikk, men må ta alvorleg vidareformidlinga av politiske målsetnader til næringslivsrepresentantar og andre aktørar. Gitt at tenkinga rundt menneskerettsproblematikken er på byrjarstadiet innanfor næringslivet, er det naudsynt med informasjon og kunnskapsauke. Multinasjonale bedrifter som etablerer seg i eit land vil i langt større grad enn enkeltkundar, og ofte politikarar, ha oversikt over menneskerettssituasjonen i landet, spesielt arbeidsvilkår. For maksimalt å utnytta dette høvet til å påverka, t.d. gjennom oppretthalding av høge arbeidsstandardar for eigen arbeidsstyrke, overføring av demokratiske verdiar og leiarstrukturar til lokale selskap, må bedriftene ha kunnskap om korleis dei skal gjea dette. Dersom ein freister å akselerera positiv utvikling ved å leggja seg på ei dialoglinje gjennom forsiktig utøving av verbalt press på syndande styresmakter eller gjennom samarbeid med opposisjonen må ein utvisa ein stor porsjon tolmod. Å etablera respekt for menneskerettar tek tid. Det viser vår eiga historiske utvikling.

Kva kan ein så gjera? Ein kan stilla krav til norske styresmakter om klarare politiske retningslinjer ovanfor næringsliv og bankar. Politikk bør sjølv sagt utformast innanfor prinsipp, som ved å stilla eksplisitte krav om respekt for menneskerettane. Likevel må realiteten av historiske, politiske og sosiale forhold også takast med i vurderinga av enkelttilfelle. Sjølv om trade-offs kanskje er uunngåelege, må ein kunna be om større samsvar mellom etisk retorikk og politisk praksis ovanfor samarbeidsland som bryt menneskerettane. Ein av fleire måtar å gjera dette på vil vera å støtta framleggjet om å la respekt for arbeidstakarrettar ingå som kondisjonalitet i internasjonale samarbeidsavtaler; la dei rettane som norske arbeidarar har erverva seg gjennom årelang kamp bli gjort til mål for arbeidarar og i fattige land. Dette vil kunna ha ein positiv signaleffekt, og på andre menneskerettar enn dei som fell innunder ILO sitt verkefelt. Sjølv om handhevinga av ein sosialklausul vil kunna by på mange problem, kan ein argumentera for at etablerte reglar vil ha ein normdannande effekt i seg sjølv. Den norske regjeringa kan fremja idéen om ein friviljug åtferskodeks gjennom NHOs etikkutval. Dette vil gje norske bedrifter meir konkrete retningslinjer å gå etter og auka den interne kunnskapen om menneskerettane. Ein kan også stilla høgare etiske krav til bankar og næringsliv - ikkje berre til kven ein gjer "business" med, men og om korleis ein gjer

"business". Dette omfattar korleis norske bedrifter forheld seg til lokal arbeidskraft og lokale styresmakter.

Fordi norske styresmakter ofte vil koma i klemme mellom mange og motstridande interesser, kan ein ikkje over natta forventa ei heilskapleg og detaljert oppskrift på korleis ein oppfører seg når det vert utført grove, systematisk og vedvarande menneskerettsbrot. Desto større ansvar kviler difor på kvar enkelt bedrift om å køyra ein rettlinja politikk i desse sakene. Med eit stadig aukande nasjonalt såvel som internasjonalt krav om respekt for menneskerettane, artikulert først og framst gjennom uavhengige organisasjoner og kritisk mediadekning, har kanskje ikkje bedrifter så mange fleire val enn å bita i graset og bli moralske. Målet må vera at menneskerettar ikkje berre er eit moteord som vert aktualisert kvar gong journalistar gjer det til fyrstesideoppslag, men at det vert teke på alvor i praktisk politikk. Ein kan dra mange parallellear mellom den prosessen ein er inne i og den prosessen miljøvernstanken har gjennomgått. Få vil i dag påstå at det er dårleg økonomi å tenkja miljøvern. Slik kan det bli med menneskerettsvern óg. Det å vera moralsk kan vera god økonomi - i alle fall på sikt.

## Bibliografi

Chapman, Audrey R. 1996. "Violations Approach" for Monitoring the International Covenant on Economic, Social and Cultural Rights", i *Human Rights Quarterly* Vol. 18, No. 1, s. 23-66.

Fjeldstad, Odd-Helge. 1996. *Bistand og næringsutvikling. Noen kommentarer til St.meld. nr. 19 (1995-96)*. CMI Arbeidsnotat 1996: 4, Bergen.

Grootaert, Christiaan og Ravi Kanbur. 1995. "Child labour: An economic perspective", i *International Labour Review* Vol. 134, No. 2, s. 187-203.

Howard, Rhoda E. og Jack Donnelly. 1996. "Human Rights Self-Monitoring: a Proposal for the Northern European Democracies". Arbeidsnotat, ikke publisert.

International Labour Organization. 1994. "Perspectives. NAFTA comes in force - with a glimmer of a social clause", i *International Labour Review*, Vol. 133, No. 1, s. 113-119.

Li, Chien-Pin. 1993. "The Effectiveness of Sanction Linkages: Issues and Actors", i *International Studies Quarterly*, No. 37, s. 349-370.

van Liemt, Gijsbert. 1989. "Minimum labour standards and international trade: Would a social clause work?", i *International Labour Review*, Vol. 128, No. 4, s. 433-447.

Martin, Lisa L. 1994. "The Rational State Choice of Multilateralism", i John Gerard Ruggie (red.), *Multilateralism Matters. The Theory and Praxis of an Institutional Form*. New York: Columbia University Press.

Martin, Lisa L. 1994. *Coercive Cooperation. Explaining Multilateral Economic Sanctions*. Princeton: New Jersey Princeton University Press.

Nativig, Kirsten S. (red:) 1996. *Bør vi sette menneskerettigheter som betingelser for internasjonal handel?* Oslo: Stiftelsen Alternativ Handel.

OECD. 1996. *Trade, Employment and Labour Standards. A study of core workers' rights and international trade*. Directorate for Education, Employment, Labour and Social Affairs Trade Directorate.

Solo, Pam. 1995. "Trade as Aid", i *The Bulletin of the Atomic Scientists*, Vol. 51/4, s. 54-56.

Stortingsmelding nr. 19. 1995-96. *En verden i endring. Hovedtrekk i norsk politikk overfor utviklingslandene*.

Stortingsmelding nr. 19. 1995-96. *Instilling fra utenrikskomiteen om hovedtrekk i norsk politikk overfor utviklingslandene.*

Thiis, Øyvind W. 1996. "Norwegian Development Assistance and the Right to Development", i Peter Baehr, Lalaine Sadiwa og Jacqueline Smith (red.), *Human Rights in Developing Countries. Yearbook 1996*. Oslo: Nordic Human Rights Publications.

De Wet, Erika. 1995. "Labour Standards in the Globalized Economy: The inclusion of a Social Clause in the General Agreement on Tariff and Trade/World Organization", i *Human Rights Quarterly*, Vol. 17, s. 443-462. The John Hopkins University Press.

Wiig, Arne. 1996. *Handel og arbeidsstandarer: Barnearbeid*. Førsteutkast til rapport for Redd Barna. CMI.

### **Rapportar/UD materiale**

Arnstad, Marit (Sp.). 1996. Spørsmål fremja i Stortingets utenrikskomite til utanriksminister Bjørn Tore Godal 17. januar vedgående norske investeringar i Indonesia og Nigeria.

Egeland, Jan. 1996. Punkt for Statssekretæren sitt foredrag under Statoil seminar i Stavanger, 29. mai.

Godal, Bjørn Tore. 1996. "Bedrifter har et etisk ansvar". Intervju med Status, nr. 1-96, utgitt 24. januar.

Hjelde, Haakon B. 1996. Moment til foredrag i Utenriksdepartementets Menneskerettighetsutvalg, 23. januar.

Lahnstein, Anne Enger (Sp). 1995. Spørsmål fremja i Stortingets utenrikskomite til Gro Harlem Brundtland 29. november vedgåande internasjonalisering av norsk næringsliv og menneskerettar.

Mathisen, Asbjørn. 1996. "Menneskerettighetssituasjonen i verden". Innlegg for Amnesty International i Steinkjer, 11. januar.

Næringslivets hovedorganisasjon. 1996. "NHOs innspill til WTOs ministermøte i Singapore".

### **Samtalar/intervju**

Amnesty International

- Bella, sekretær til Jan Borgen, 12.07.96.
- Jan Borgen, generalsekretær, 17.07.96.

**Jotun**

- Petter Christoffersen, 28.06.96.

**LO**

- Ellinor Kolstad, 19.08.96.

**NHO**

- Astrid Marstrander, 14.08.96.
- Vidar Lindefjell, 27.08.96.

**Norsk Hydro**

- Tor Steine, 21.06.96.

**Statoil**

- Gunnar Slettevoll, 27.06.96.

**Utanriksdepartementet**

- Grete Ytterdal, Arbeidmiljøavdelinga, 21.06.96.
- Heddy Astrup, konsulent menneskerettsspørssmål, 24.06.96.
- Bjørg Leite, Handelsøkonomisk avdeling, 27.06.96.
- Hallgeir Hatlevik, politisk rådgjevar til handelsministeren, 28.06.96.

**Aviser**

Aftenposten

Bergens Tidende

Dagbladet

Klassekampen

Dagens Næringsliv

The Economist

The Observer



## **Recent Working Papers**

- WP 1997: 3                    BØE, Turid  
*Evolutionary game theory and the battle of the sexes.* Bergen, March 1997,  
16 pp.
- WP 1997: 4                    BØE, Turid  
*Teoriskapt virkelighet? Ny-klassisk teori og kvinnelige økonomiske aktører.*  
Bergen, mars 1997, 17 s.
- WP 1997: 5                    NORDÅS, Hildegunn Kyvik  
*Terms of trade and economic growth in a world of constrained capital mobility.*  
Bergen, March 1997, 25 pp.
- WP 1997: 6                    ANGELSEN, Arild  
*The evolution of private property rights in traditional agriculture: Theories and  
a study from Indonesia.* Bergen, April 1997, 40 pp.
- WP 1997: 7                    ANGELSEN, Arild  
*State - local community games of forest land appropriation.* Bergen, April 1997,  
32 pp.
- WP 1997: 8                    PAUSEWANG, Siegfried  
*Can national identity be built on local democracy?* Bergen, May 1997, 16 pp.
- WP 1997: 9                    SUMAILA, Ussif Rashid  
*A review of game theoretic models of fishing.* Bergen, June 1997, 19 pp.
- WP 1997: 10                  MOORSOM, Richard  
Underdevelopment and labour migration: the contract labour system in Namibia.  
Bergen, June 1997. 83 pp
- WP 1997: 11                  SUMAILA, Ussif Rashid  
*Fish as vehicle for economic development in post-independent Namibia.* Bergen,  
July 1997, 31 pp.
- WP 1997: 12                  WIIG, Arne  
*Microcredit programmes: Methods for solving dilemmas of credit expansion.*  
Bergen, August 1997.
- WP 1997: 13                  NORDÅS, Hildegunn Kyvik  
*Economic development and industrial structure - an overview.* Bergen,  
September 1997, 27 pp.
- WP 1997: 14                  WIIG, Arne  
*Strategisk handelsteori og økonomisk utvikling.* Bergen, september 1997, 18 s.
- WP 1997: 15                  MARQUETTE, Catherine  
*Population and environment relationships in developing countries: A select  
review of approaches and methods.* Bergen, October 1997, 15 pp.
- WP 1997: 16                  MARQUETTE, Catherine  
*Turning but not toppling Malthus: Boserupian theory on population and the  
environment relationships.* Bergen, October 1997, 15 pp.
- WP 1997: 17                  KNUDSEN, Are  
*Mountain protected areas in Northern Pakistan: the case of Khunjerab National  
Park.* Bergen, December, 1997, 23 pp.
- WP 1997: 18                  NORDÅS, Hildegunn Kyvik  
*Some reasons why capital does not flow from rich to poor countries.* Bergen,  
1977, 15 pp.
- WP 1998: 1                    HANSEN, Cecilie Fosse  
*Skatteunndragelse. En studie av kommunebeskatning i Tanzania.* Bergen, januar  
1998.